

Stord kommune  
Postboks 304  
5402 STORD

Dato: 17.12.2014  
Vår ref.: 2014/17184-19  
Saksbehandlar: silfoyn  
Dykkar ref.:

## Områderegulering gnr/bnr 23/1 m. fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland-revidert kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Vi viser til Dykkar brev av 01.12.2014 med endra plangrense til områderegulering for gnr/bnr 23/1 m.fl., Sævarhagen, Nedre Økland.

Vi synes det er positivt at plangrensa er endra og at det meste av LNF-områda er teke ut frå områdeplanen. Det er og positivt at De vil gå gjennom traseen for turvegen i høve til merknadene vi har kome med.

Vi vil minne om at planområdet fortsatt har konflikstar med automatisk freda kulturminne jf. *punkt 2* i planvedtaket (KURE saksnummer 143/14, dato 21.10.14).

*2. Fleire arealformål i planframlegget er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til:*

- *Arealformål o\_TB , turveg og tilhøyrande bestemmelseområde som går inn i sikringssona til fleire automatisk freda kulturminne, ID 60600,H730\_3, ID 15869, H730\_4 og ID 35512, H730\_6.*
- *Arealformålet UNB8, uthus/naust/badehus, som går inn i sikringssona til ID 35512, H370\_6.*
- *Arealformålet SB1, småbåtanlegg i sjø, går inn i sikringssona til ID 60600, H730\_3*
- *Manglande omsynssone c – bevaring kulturmiljø, H570 i plankartet, med tilhørande føresegn rundt alle dei automatisk freda kulturminna for å ivareta deira interesser i planen.*

Delar av traseen for turveg, naust og småbåtanlegg i sjø går innafor sikringsonar til automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9. Planen må og handsamast av Riksantikvar for naudsynte dispensasjonar i sikringssona.

Vi sender med eit nytt og revidert kostnadsoverslag basert på endra plangrense. Vi ber om skriftleg godkjenning av dette.

Målet med registreringa er å få kunnskap om turstien, naust og småbåtanlegg vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Det er ofte føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikter med automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi vil og minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader etter at planen er lagt ut til offentleg høyring, jf. Kulturminneloven § 9.

Vi gjer merksam på at planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Silje Øvrebø Foyen  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Revidert kostnadsoverslag